

## **Samandrag Eirikssoga / *Eiríks saga rauða***

1. Oleiv Kvite vinn Dublin-riket, gifter seg med Aud, som er dotter til Kjetil Flatnev. Oleiv blir drepen, og Aud og Torstein Raude, sonen deira, fer til Hebridane. Torstein vinn meir enn halve Skottland, men blir drepen når skottane svik han. Aud kjem seg unna til Orknøyane. Aud fer vidare til Island og tek Dalir på Vest-Island. Deler ut jord til dei som er med henne – blant dei den høgætta trælen Vivil frå Irland.
2. Eirik Raude fer med far sin frå Jæren til Hornstrandir på Nordvest-Island, så til Haukadalur ved Hvammsfjörður, på Vest-Island. Han kjem i konflikt med naboane, flytter til nokre øyar yst i fjorden. Ny konflikt, blir dømd fredlaus i tre år.
3. Eirik utforskar Grønland, som folk frå før berre visste om.
4. Eirik kjem att til Island, får med seg mykje folk og slår seg ned på Grønland.
5. På Island frir handelsmannen Einar til Gudrid, dotter til Torgeir Vivilsson – som pga. dette innser at statusen hans har gått ned fordi han er mindre velstående enn før. Han får derfor med seg folk og flytter til Austbygda på Island. Gudrid er med. Der dei fyrst kjem til lands, blir dei spådde med seid.
6. Leiv Eiriksson seglar til kong Olav Tryggvason i Noreg, som sender han tilbake til Grønland for å kristne landet. På veg dit rek han av og oppdagar eit land der kveite og druer veks vilt – Amerika. Leiv får innført kristendomen, men Eirik Raude er negativ til den nye trua. Kona hans, Tjodhild, er derimot positiv, og bygger kyrkje.
7. Eirik leier ein ekspedisjon som skal utforske Amerika, men dei rek berre rundt i Atlanterhavet heile sommaren.
8. Gudrid blir gift med Torstein Eiriksson, som bur i Vestbygda på Grønland. Der tek ein farsott livet av mange, også Torstein, og Gudrid flytter til Eirik i Austbygda.
9. Torfinn Karsemne kjem frå Island til Grønland, gifter seg med Gudrid. Han leier ein ny ekspisjon til Amerika, med Gudrid. Dei er ein vinter ved Straumsfjorden. Ei gruppe bryt ut, rek av og hamnar i Irland. Karsemne si gruppe fer til Hop, lenger sør, ein vinter. Der veks kveite og druer vilt. Pga. konflikt med dei innfødde, fer dei nord att til Straumsfjorden, så etter ein vinter til Grønland.
10. Skipet til Bjarne Grimolvsson søkk i havet aust for Grønland, berre nokre bergar seg. Året etter fer Karsemne og Gudrid heim att til Island. Frå dei stammar fleire biskopar.

Eldar Heide, 20.4.2017